

MÅL, PRIORITERINGAR OG KUTTFRAMLEGG FOR TENESTE- OMRÅDA

PR. TENESTEOMRÅDE:

A. MÅL FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016

B. NYSATSINGAR 2013-2016

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016 –

FLATE KUTT PÅ 3,5 OG 5 %

SAMLA:

D. ALTERNATIV INNSPARINGSPROFIL

INNLEIING

Formannskapet ba i vedtak i møte 19.6.2012 administrasjonen leggja fram innsparingsframlegg på 3,5 % og 5 % av på brutto driftsrammer på einingane. Det var einføresetnad at kostnadane skal reduserast ved nedbemanning, evt. også ved auka inntekter.

Startskotet for arbeidet gjekk 27.8., der det vart skipa til ein administrativ budsjettverkstad. Arbeidet har skjedd innafor tenesteområde, med følgjande inndeling:

- Tenesteområde 1: Planlegging, forvaltning, kultur og samfunnsutvikling
- Tenesteområde 2: Pedagogiske tenester (inkl. PPT og ansvarsområde 13 – felles skular & barnehagar)
- Tenesteområde 3: Helse, omsorg, barnevern og sosiale tenester

Vidare tenkjer vi oss tenesteområde 4 og 5 slik:

Tenesteområde 4: Politisk organ

Tenesteområde 5: Kyrkja

Tenesteområda har fått i oppdrag å arbeida med følgjande:

- A) Mål for tenesteområdet for økonomiplanperioden 2013-2016
- B) Nysatsingar 2013-2016 (på budsjettverkstaden kalla "økonomiske prioriteringar")
- C) Kuttframlegg for økonomiplanperioden ut frå flate kutt på 3,5 og 5 %
- D) Alternativ innsparingsprofil

I dokumentet ligg A-C fortløpande under tenesteområda, medan punkt D) er samla heilt bakerst i dokumentet. Tenesteområda har levert inn sine bidrag til redigering, og det har vore travelt for alle som har vore involvert i arbeidet. Det har ikkje vore tid til å involvera tillitsvalde og medarbeidarar i prosessen enno. Grunna tidspresset er ikkje dette eit gjennomarbeidd dokument korkje når det gjeld analyse av konsekvensar, kontrollsjekking av tal eller gjennomført lik tilnærming til alle bokstavar frå alle tenesteområda. Særleg ser vi at det er ulikt kor mykje arbeid som er lagt ned i punkt B). Administrasjonen reknar med at det vert høve både til å komma tilbake til dette punktet, kvalitetssikra tala og justera mål og tiltak når Formannskapet har fordøyd det materiellet dei får gjennom budsjettverkstaden sin.

Om A) – Mål og tiltak

Måla er planmål, dvs. at dei er henta frå Kommuneplanen, Velferdsplanen, Oppvekstplanen og utviklingsmål frå gjeldande økonomiplan. Altså frå dokument som seier noko om kva retning Fusa kommune som tenestetilbydar, samfunnsutviklar og lokaldemokratiutviklar skal bevega seg i. Poenget med denne oppbygginga, som ein kan lesa som ei utviding av bestillinga frå Formannskapet, er at det gjev lite meining å sjå ressursar uavhengig av mål; kva skal vi oppnå i åra framover? Vi treng også å formulera ut kva vi skal slutta med/prioritera ned.

Om B) - Nysatsingar

Her har tenesteområda starta arbeidet med å seia noko om at trass i nedskjeringar er det også behov for å få til noko nytt allereie i 2013 eller i planperioden. Framlegga er forankra i Kommuneplanen eller anna planverk.

Om C) - Kuttframlegg

Utgangspunktet er Formannskapsvedtaket med flate kutt på 3,5 og 5 %. Tabellar viser kva kutt dette samla sett utgjør for tenesteområdet, og viser kvart ansvarsområde sin del av kutta. Sidan

Formannskapet 19.6. ga klart uttrykk for at kuttkravet er så stort at ein vil måtta gå til stillingsreduksjonar, er innsparingsbeløpa rekna om til stillingsprosentar, der sosiale utgifter er inkludert, og der vi tek utgangspunkt i maks ansiennitet. Det er ikkje teke omsyn til turnustillegg eller andre tillegg. Omrekninga er gjort etter ein sjablong. Når nedbemanninga vert eit faktum, vil variasjonar i ansiennitet slå inn, og t.d. vil det som er oppgitt som 100 % lærarstilling fort kunne gje 130 % nedbemanning dersom nedbemanninga gjeld ein lærar med kort ansiennitet. Tilsvarande vil nedbemanninga verta større enn det som står oppgitt i tabellane dersom nedbemanninga vert gjort i faggrupper med lågare utdanning enn det som er rekna med i tabellane. Det er òg gjort framlegg om mogleg inntektsauke.

Om D) – Alternativ innsparingsprofil

Her har tenestemråda komme med framlegg til andre måtar å ta innsparing på enn det som er skildra så langt i dokumentet. Dei var inviterte både til å koma med framlegg innafor eige tenestemråde og andre tenestemråde.

MÅL, PRIORITERINGAR OG KUTTFRAMLEGG FOR TENESTE- OMRÅDE 1

PLANLEGGING, FORVALTNING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING

A. MÅL FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016

B. NYSATSINGAR 2013-2016

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016 –

FLATE KUTT PÅ 3,5 OG 5 %

TENESTEOMRÅDE 1

PLANLEGGING, FORVALTNING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING

A. PLANMÅL

MÅL 1 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:
Fusa kommune skal vera ein attraktiv arbeidsplass.

Mål for 2013:

1. Vi har felles fokus på HMT-arbeid for eit godt arbeidsmiljø med trivsel og arbeidsglede.
2. Vi førebyggjer og reduserer sjukefråværet – legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær er under 8 %.
3. Vi har vidareutvikla livsfasepolitikken i reviderte personalpolitiske retningslinjer og legg til rette for at arbeidstakarar med redusert arbeidsevne eller som har fylt 62 år held fram i kommunen.
4. Fusa kommune har fornya Fusa-i-farten og gjennomført helseførebyggjande tiltak på arbeidsplassen.

MÅL 2 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:
Fusa kommune skal yta god service med effektiv ressursbruk.

Mål for 2013:

1. Fusa kommune har utarbeidd ein strategi for bruk av kommunikasjonsteknologi i møte med brukarar, t.d. sosiale media, og meir effektiv bruk av it-verktøy internt i saksbehandlinga.
2. Fusa kommune har teke ut potensialet for digitale tenester, med meir bruk av heimesida.
3. Prosjekt "Styrt trafikk i KommuneNet" er gjennomført.

MÅL 3 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:
Fusa kommune skal ta ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap på alvor.

Mål for 2013:

1. Fusa har ein oppdatert overordna ROS-analyse som gjev oss oversyn over risikofaktorane i Fusa-samfunnet.
2. Fusa har ein oppdatert plan for samfunnstryggleik og beredskap, som byggjer på dei risikofaktorane som den overordna ROS-analysen vår peikar på.
3. Fusa har drive kommunale vassverk og avlaupsanlegg på ein trygg og miljøvenleg måte.
4. Fusa kommune har fokus på arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i heile organisasjonen.

MÅL 4 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:
Fusa skal ha eit moderne kommunesentrum med gode og allsidige offentlege og private tenester.

Mål for 2013:

1. Fusa kommune har utarbeidd ein områdeplan for Eikelandsosen.
2. Fusa kommune har gjort endeleg vedtak om å byggja fleirbrukshall.
3. Fusa kommune har utarbeidd eit forprosjekt til eit miljøgateprosjekt for Eikelandsosen med Tusenårsstad og gjestehamn integrert.

MÅL 5 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Fusa skal ha eit variert kulturtilbod, særleg til barn og unge og grupper med særlege behov for tilrettelagde tiltak.

Mål for 2013:

1. Fusa kommune har teke del i Vestlandsprosjektet for tilrettelegging av friluftsliv.
2. Fusa kommune har lagt til rette eit utvida kulturtilbod til eldre og psykisk utviklingshemma ved kommunale tiltak og gjennom samarbeid med lag og organisasjonar.
3. Fusa har stimulert til kulturelt entreprenørskap, nye arrangement og varierte fritidsaktivitetar med særleg fokus på rusfrie tilbod til barn og unge.
4. Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er rullert.

MÅL 6 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Fusa kommune skal forvalta naturressursar og areal på ein slik måte at vi tek omsyn både til naturen si tolevne og til innbyggjarane og deira behov.

Mål for 2013:

1. Fusa kommune har handsama planprogram for arealdel til kommuneplanen og arbeid med denne.
2. Fusa kommune har utarbeidd ein handlingsplan til Klima- og energiplanen.
3. Fusa kommune har utarbeidd handlingsplan for landbruket i Fusa.

MÅL 7 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Fusa kommune skal samarbeida med andre kommunar for å løysa noverande og framtidige utfordringar.

Mål for 2013:

1. Fusa kommune har kartlagt og evaluert interkommunale samarbeid ein er med i.
2. Fusa kommune har greidd ut moglege interkommunale samarbeidsområde i eit eige prosjekt.

MÅL 8 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Fusa kommune skal ha gode kommunikasjonar.

Mål for 2013:

1. Trafikksikringsplanen er rullert.
2. Hovudplan for kommunale vegar er rullert.
3. Særlege skyssordningar for barn, unge og eldre er prøvd ut.

B. NYSATSINGAR 2013-2016

Mål	Tiltak	Planforankring	Grunngjeving	Sum
Mål 2.1-2	Prioritera IKT-investeringar og auke i IKT-drift	K-planen: Treffsikre tenester 2.4.3 + Arbeidskommunen 1.C.1.2: Fusa skal verta ein e-kommune, ha tenester som er tilgjengelege 7/24/365.	Overgang til fleire digitale arbeidsprosessar fører til større arbeidspress for IKT-drift. Sjå budsjett-kommentarar for 2012 s. 56.	Årleg 2 mill. (?) på investeringsbudsjettet 1 ny stilling på drift, jf. samanliknbare kommunar

Mål 2.1-2	Elektronisk byggsøk, planarkiv m.m.	K-planen: 2.4.3+1.C.1.2.	Lovpålagt.	Prosjekt, kjøpe tenester, alternativt prosjektstilling i ein periode. Kostnad kr 0,5 mill.
Mål 2.1-2	Elektronisk post/arkiv	K-planen: 2.4.3+1.C.1.2	Lovpålagt. På sikt ressursparande. I innføringsfasen trengst ekstra ressursar, m.a. for å få unna restansar. Vi må følgja med i tida.	1 stilling prosjekt 1 år til innføring, minst 1-2 årsverk for å få unna restansar.
Mål 2.1	Løn/rekneskap	K-planen: E-kommune	Utnytta nytt rekneskaps-/løns-system fullt ut med mest mogeleg elektronisk saksgang og rutinar. Gevinst på sikt	1 stilling prosjekt 1 år til innføring.
Mål 4.2	Fleirbrukshall	K-planen: Bukommunen 1.B.4,1. B.6.11, 1.B.9.2.		Avsette planleggingsmidlar i rekneskapan, investeringsmidlar vidare i 2013. Driftsutgifter frå 2015.
Mål 4.3	Miljøgate Eikelandsosen sentrum	K-planen: Bukommunen 1.B.11.	Utarbeida forprosjekt.	
Mål 4.3	Ladestasjonar for el-bilar	K-planen: Bukommunen 1.B.11. Naturkommunen 1.A.2.2: Følgja opp tiltak i Klima- og energiplanen		Kr 200 000 pr år i perioden.
Mål 4.1	Overordna ROS-analyse	K-planen: Treffsikre tenester 2.5.1. Bukommunen 1.B.8.1-2.	Lovpålagt.	Kjøpe tenester?
Mål 1+5	Undervisningslokale for kulturskulen	Kulturskuleplanen mål 2.6 + kap. 5.	Faste lokale for å auka kvaliteten og breidda på tilbodet. Sambruk så langt praktisk mogeleg.	
Mål 2.3	Oppgradering Kommunetunet	K-planen: Treffsikre tenester 2.4. + 2.6.	Tilpassing til nye måtar å levera tenester på. Stikkord: Infoskjermer, skilting, implementering av ny grafisk profil.	Kr 200 000 i 2013

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016

Alle tal = heile 1000 kr.

Samla sum på tenestområdet v/minus 3,5 % = kr 1 991

= Sum pr ansvarsområde v/flatt kutt:

Ansvarsområde	Reduksjon	Stillingsreduksjon i %
11-12 Økonomi, service og drift	961	200 sekretærer eller 150 med høgskule
14 Byggesak, oppmåling, brann	256	40 leiar
16 Kulturskule	95	20 lærar
17 Kultur og idrett	118	21 med høgskule eller 26 assistent
42 Teknisk drift	513	110 fagarbeidar
60 Landbruk	46	20 med høgskule

Samla sum på tenesteområdet v/minus 5 % = kr 2 844

= Sum pr ansvarsområde v/flatt kutt:

Ansvarsområde	Reduksjon	Stillingsreduksjon i %
11-12 Økonomi, service og drift	1 372	300 sekretærer eller 200 med høgskule
14 Byggesak, oppmåling, brann	366	50 leiar
16 Kulturskule	137	28 lærar
17 Kultur og idrett	169	31 med høgskule eller 38 assistent
42 Teknisk drift	733	150 fagarbeidar
60 Landbruk	66	30 med høgskule

KONSEKVENSNAR FOR TENESTEOMRÅDET

Konsekvensar for a) brukarar, b) tilsette, c) system/organisering

Premissar: Kva trengst for at nedskjeringane skal kunne gjennomførast, vera realistiske? Investeringsbehov, nedbemanning, org.endringar, andre føresetnader

Stort potensiale (over kr 100 000):

Tiltak	Innsparing 2013	Innsparing årleg 2014+	Konsekvensar	Premissar
Auka brukarbetaling, sjølvkost byggesak og oppmåling. Nedbemanning på arbeidsområdet	150 105	255	a) Avgiftsauke b) Endå mindre utføring av lovbestemte oppgaver	Alle betaler det det kostar å produsera heile tenesta i samsvar med regulativet
Fjerna botnfrådraget i eigedomsskatt	1 000?	1 000?	a) Avgiftsauke b) Vesentleg inntektsauke	Fusa kommune legg om skatten slik mange andre kommunar har gjort det
100 % dekning gebyr vatn	250	250	a) Auka kostnad for abonnentane	Inntektpotensiale er då utnytta fullt ut på dette området
Nedbemanning økonomi, service og drift	(200)	(260)	a) mindre tenester, endå mindre utføring av lovbestemte oppgaver. Auka restansar. b) Nedbemanning. Kompetanseflukt. c) Dramatisk reduksjon i fellestenester i Kommune-tunet. Einingane her og ute må gjera meir av oppgavene, t.d. utsending av post, kjøkkenarbeid m.m., med dårlegare kvalitet	

Nedbemanning teknisk drift	200 (v/ 5 %: 350)	260 (v/5 %: 482)	a) mindre tenester: Redusert kapasitet på vedlikehald av veg og bygningar. (v/ 5 %: sterkt reduserte tenester/vedlike-hald) b) Nedbemanning.	
Nedbemanning kultur	200	260	a) mindre tenester/bortfall av tenester: Reduserte tenester til psykisk utviklingshemma. Lengre venteliste i kulturskulen. b) Nedbemanning.	
Auka brukarbetaling kulturskulen inntil kr 4 000 pr år	250	250	a) Kan føra til færre elevar c) og dermed reduserte inntekter og færre stillingar	
Redusera søskenmoderasjon kulturskulen, jf. SFO/bhg.				
Reell kostnadsdekning for tenester til kyrkja	100	100	c) Inntektsauke for Økonomi, service og drift	

Lite potensiale (under kr 100 000):

Tiltak	Innsparing 2013	Innsparing årleg 2014+	Konsekvensar	Premissar
Auka inntekt i symjehall	50	50	a) Auka pris	At ein klarer å få eit løft for aktiviteten etter rehabiliteringa
Nedbemanning landbruk	50	?	a) Reduserte tenester b) Kan ikkje utføra oppgåvene. Blir ikkje mogleg å halda på fagkompetanse. c) Brot på avtale med Os, Samnanger, Tysnes	Oppløysing av det interkommunale samarbeidet om landbrukstenester.
Elektronisk utsending av årsmelding, rekneskap m.m.	30	30	a) Vi deler ikkje ut papirutgåver	

KOMMENTAR:

Driftsnivået på dette tenesteområdet er alt til dels uforsvarleg lågt i høve til oppgåvene som skal utførast. Nedskjeringar i 2013 vil kunna medføra at vi i endå mindre grad kan gjennomføra lovpålagde oppgåver eller gje støttetjenester til dei andre einingane. Viser til budsjettkommentarar for 2012, rådmannen sitt budsjettnotat s. 54-60 og 74-75.

Forsikring, advokathonorar, kontingentar, husleige, straum, vegvedlikehald er døme på tenester/kostnader som har vore salderingspostar i fleire år av di generell prisjustering av budsjetttrammene ikkje har vore nok til å fanga opp reell kostnadsauke på andre "må-område". Desse tenestene er no meir eller mindre underbudsjetterte.

MÅL, PRIORITERINGAR OG KUTTFRAMLEGG FOR TENESTE- OMRÅDE 2

PEDAGOGISKE TENESTER

A. MÅL FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016

B. NYSATSINGAR 2013-2016

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016 –
FLATE KUTT PÅ 3,5 OG 5 %

TENESTEOMRÅDE 2

PEDAGOGISKE TENESTER

A. PLANMÅL

MÅL 1 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Barnehage og skule i Fusa skal ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel.

Mål for 2013:

1. Barnehage og skule tek i bruk den sosiale læreplanen og utviklar felles rutinar for handtering av mobbesaker.
2. Barnehage og skule har trygge og tydelege vaksne og set fokus på vaksenrolla.
3. Barnehage og skule legg vekt på å skapa trivsel gjennom ulike tiltak.

MÅL 2 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Barnehage og skule i Fusa skal ha høg fagleg kvalitet i opplæringa.

Mål for 2013:

1. Barnehage og skule følgjer systematisk opp resultata etter kartleggingar og nasjonale prøvar.
2. Barnehage og skule brukar etter- og vidareutdanning som verkemiddel.
3. Barnehage og skule arbeider for å rekruttera pedagogar og fagarbeidarar som stettar kompetansekrava i statlege føringar.

MÅL 3 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Barnehage og skule i Fusa skal tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling.

Mål for 2013:

1. Det enkelte barn får rettleiing i forhold til eiga fagleg og sosial utvikling.
2. Barnehage og skule identifiserer barn sitt behov for tilrettelegging og utfordringar og set i verk tiltak.
3. Tidleg innsats er eit gjeldande prinsipp for barnehage og skule.

MÅL 4 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Barnehage og skule i Fusa skal skapa heilskap og identitet gjennom tverrfagleg samhandling.

Mål for 2013:

1. Barnehage og skule sikrar eit systematisk samarbeid med PPT gjennom aktiv bruk av "Årshjul for systemarbeid og samhandlingsrutinar".

MÅL 5 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Barnehage og skule skal ta vare på framandspråklege tilflyttarar og inkludera dei.

Mål for 2013:

1. Barnehagen inkluderer barn i leik, samspel og språkstimulerande grupper.
2. Skular som får framandspråklege barn, får ressursar frå ein sentral pott til å starta norskopplæring straks. Elevar får norskopplæring etter § 2.8 til dei kan følgja ordinær opplæring.
3. Vaksne med rett og plikt til opplæring og andre vaksne som flyttar til Fusa, får opplæring norsk gjennom vaksenopplæringa ved Fusa ungdomsskule.

MÅL 6 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Barnehage og skule skal fremja fysisk aktivitet og stimulera til kulturell kreativitet og mangfald.

Mål for 2013:

1. Barnehage, skule og kulturskule arbeider for å få til eit systematisk samarbeid .
2. Barnehage og skule har gode ordningar for bruk av det fysiske miljøet og stimulerer til fysisk aktivitet.
3. Barnehage og skule legg til rette for kunst, musikk, dans og drama gjennom året.

B. NYSATSINGAR 2013-2016

Mål	Tiltak	Planforankring	Grunngjeving	Sum
Mål 5	Styrking av norsk-opplæring for framandspråklege elevar	K-planen: Overordna mål om folketalsvekst og Bukommunen 1.B.2.2 mål om å ta vare på tilflyttarar ved å ha ei god norskundervisning for framandspråklege.	Skulane får framandspråklege barn og tiltak må setjast i verk straks. Skulane har ikkje midlar til å gjennomføra dette innan ordinær ramme og det må setjast av midlar sentralt	Kr 300 000 50 % stilling
Mål 2	Styrking av IKT: midlar til å vidareutvikla IKT både når det gjeld utstyr og kompetanse.	K-planen: 2.4.3+1.C.1.2.	IKT er ein av dei fem grunnleggjande dugleikane i Kunnskapsløftet	Kr 300 000? Trenge ein sum som kan vidareførast årleg
Mål 2+6	Skulebibliotek	Plan for bibliotektenesta	Digitalisering og oppbygging av bokstamme på skulebibliotek er heilt nødvendig	Kr 300 000
Mål ??	Vedlikehald av bygg og anlegg	K-planen: Treffsikre tenester pkt. 2.6.7. – vi skal ha ein godt vedlikehalden eigedomsmasse.	I 2011 vart det brukt kr. 27 pr m ² til vedlikehald av kommunale bygg (Kostra) – mindre enn landsgjennomsnittet og langt mindre enn tilrådd frå KS	?

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016

Alle tal = heile 1000 kr.

Samla sum på tenesteområdet v/minus 3,5 % = kr 2 957

= Sum pr ansvarsområde v/flatt kutt:

Ansvarsområde	Reduksjon	Stillingsreduksjon i %
13 Felles skular og barnehagar	277	44 pedagog
22 Fusa ungdomsskule	536	85 lærarstilling
23 Nore Fusa oppvekstsenter	324	70 fagarb. barnehage
25 Eikelandsosen oppvekstsenter	497	80 lærarstilling
26 Holdhus oppvekstsenter	318	50 lærar
27 Søre Fusa oppvekstsenter	239	40 lærar
28 Strandvik oppvekstsenter	245	40 lærar/pedagog
29 Fusa oppvekstsenter	446	70 lærar
32 PPT	75	12 pedagog

Samla sum på tenesteområdet v/minus 5 % = kr 4 224

= Sum pr ansvarsområde v/flatt kutt:

Ansvarsområde	Reduksjon	Stillingsreduksjon i %
13 Felles skular og barnehagar	395	62 pedagog
22 Fusa ungdomsskule	766	120 lærarstilling
23 Nore Fusa oppvekstsenter	463	80 fagarb. barnehage + 10 leiar i bhg + litt leiar skule
25 Eikelandsosen oppvekstsenter	710	115 lærar
26 Holdhus oppvekstsenter	454	75 lærar
27 Søre Fusa oppvekstsenter	341	55 lærar
28 Strandvik oppvekstsenter	350	55 pedagog/lærar
29 Fusa oppvekstsenter	638	100 lærarstilling
32 PPT	108	17 pedagog

KONSEKVEN SAR FOR TENESTEOMRÅDET

Konsekvensar for a) brukarar, b) tilsette, c) system/organisering

Premissar: Kva trengst for at nedskjeringane skal kunne gjennomførast, vera realistiske?

Investeringsbehov, nedbemanning, org.endringar, andre føresetnader

Stort potensiale (over kr 100 000):

Tiltak	Innsparing 2013	Innsparing årleg 2014+	Konsekvensar	Premissar
Feriestenging 4 veker i alle kommunale barnehagar utan Jettegryto	250	250	a) Tenkja alternativ organisering av eigen ferie – barna får tilbod i Jettegryto barnehage b) Tilsette får 4 v samanhengande ferie i juli. Nokre tilsette i andre barnehagar får arbeidsstad i Jettegryto i juli.	Informasjon til brukarar Endring av vedtekter for barnehagane

Færre val for oppholdstid og endring av betalingssatsar i barnehage	250	250	a) Færre val: 80 eller 100 % plass, foreldre kan berre endra oppholdstid 01.08. og 01.01. c) Betre utnytting av kapasiteten.	Endring av vedtekter.
Eitt val for oppholdstid og ein betalingssats i SFO	200	200	a) Litt dyrare teneste (200 kr/mnd), men større fleksibilitet. Færre val: 100 % plass, foreldre kan berre seia opp plass 01.08. og 01.01. b) Truleg ingen konsekvens c) Inga endring	Endring i vedtekter og avgiftsbudsjett
Redusert, og same, søskenmoderasjon i SFO og barnehage	100	100	a) 25 % søskenmoderasjon frå 2. barn b) Inga endring c) Inga endring	Endring i vedtektene for barnehage og SFO

KOMMENTAR:

Ved eit kutt på 3,5 % gjennom nedbemanning kan vi framleis driva lovleg, men kvaliteten i opplæringstilbodet vil bli kraftig redusert. Vi får større grupper, lågare vaksendekning og vanskar med å realisera måla i Rammeplan for barnehage og i Kunnskapsløftet for skulen.

Ved eit kutt på 5 % gjennom nedbemanning vil vi vera heilt på grensa til å driva barnehage og skule i tråd med barnehage- og opplæringslova. Det vert redusert vaksendekning i barnehagen, ingen delingstimar, undervisning og opplæring i storgrupper og meir uro.

Skulane i Fusa er i gang med ein snuoperasjon med mål om å redusera spesialundervisninga. Vi har ikkje rekna på kva innsparingar det vil gje. Føresetnaden for å klara dette, er å kunna ha timar til styrking og deling av grupper.

MÅL, PRIORITERINGAR OG KUTTFRAMLEGG FOR TENESTE- OMRÅDE 3

HELSE, OMSORG, BARNEVERN OG SOSIALE TENESTER

A. MÅL FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016

B. NYSATSINGAR 2013-2016

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016 –
FLATE KUTT PÅ 3,5 OG 5 %

TENESTEOMRÅDE 3

HELSE, OMSORG, BARNEVERN OG SOSIALE TENESTER

A. PLANMÅL

MÅL 1 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Det skal vera lett for innbyggjarane å velja helsefremjande åtferd.

Mål for 2013:

1. Vi gjennomfører Handlingsplan for Frisklivs- og meistringsarbeid.
2. Vi gjennomfører Handlingsplan for Folkehelse.
3. Det er utarbeidd handlingsplan for ernæringsproblematikk for barn/unge, vaksne og eldre.

MÅL 2 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Vi gjev individuelt tilpassa tenester med god kvalitet og effektiv ressursbruk.

Mål for 2013:

1. Aktuelle tenesteområde som får tilbod om det deltek i effektiviseringsnettverk.
2. Vi gjennomfører tverrfaglege vurderingsbesøk til nye søkjarar av kommunale tenester.

MÅL 3 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Vi skal ha førebygging og rehabilitering som perspektiv i alt vi gjer.

Mål for 2013:

1. Vi har fokus på fallførebygging ved å gjennomføra 75-årsbesøk.
2. Vi har godkjent "Ammekyndig helsestasjon".
3. Vi praktiserer og evaluerer etablerte prosedyrar for gode pasientforløp i heile tenesteområdet.
4. Vi har eit tverrfagleg og standardisert samarbeid omkring utsette born og deira familiar og utarbeider handlingsplan for tidleg identifisering av manglande omsorgsevne.
5. Vi tilbyr kunnskapsbaserte tiltak i det førebyggjande arbeidet.
6. Vi gjennomfører Ruspolitisk handlingsplan.
7. Vi har automatiske døropnarar (universell utforming) til einingane i tenesteområdet.

MÅL 4 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Vi er ein nytenkjande og lærande organisasjon.

Mål for 2013:

1. Avdelingsleiarar deltek i leiarutviklingsprogram.
2. Prosjekt "Etisk kompetanseheving" vert implementert.
3. Vi vidarefører satsinga "Lindrane behandling" som tilbod i kommunen.
4. Vi har tilsett sjukepleiar knytt til Øyeblikkelig Hjelp (ØH)-seng
5. Alle sjukepleiarar gjennomfører kompetanseheving innan aktuell behandling knytt til ØH-seng.
6. 25 tilsette gjennomfører studiet "Demensomsorgens ABC".
7. Tilsette i Tenestekontoret har gjennomført kurs i sakshandsaming.

MÅL 5 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Vi samhandlar mellom einingar og avdelingar, med brukar/pårørande, med andrelinetenesta, interkommunalt og med frivillig sektor.

Mål for 2013:

1. Vi sikrar at innhald i aktuelle tenesteavtalar vert sett i verk.
2. Vi deltek i utvikling av desentralisert fag- og høgskuletilbod i Fusa.
3. Tenestekontor er etablert.
4. Elektronisk individuell plan (IP) er innarbeidd som verktøy for alle som har dette, og vi har 20 % fleire individuelle planar.
5. Prosjektet "Meldingsløftet" er gjennomført.

MÅL 6 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Vi satsar på førebyggjande tiltak, og set inn tiltak tidleg når det er nødvendig.

Mål for 2013:

1. Vi etablerer tverrfagleg konsultasjonsteam (Barn, familie og velferd møter skular og barnehage) for tidleg identifisering og iverksetjing av tiltak.
2. Vi etablerer prosjekt som har som mål å hjelpa ungdom som droppar ut av vidaregåande skule over til annan aktivitet.
3. Innbyggjarar med behov for sosialhjelp skal verta sjølvforsørgjande innan 3 månader.
4. Personar med demens og særlege utfordringar vert ivaretekne på forsterka dementavdeling.

B. NYSATSINGAR 2013-2016

Mål	Tiltak	Planforankring	Grunngjeving	Sum
Mål 5	Overføring av legevakt-sentralen til Os frå 01.10.12. Heilårs-verknad frå 2013.	K-planen: Treffsikre tenester 2.6.1. og 2.6.4 + Samhandling og samarbeid mål 4.	For å unngå vidare utgifter til oppgradering av utstyr og kompetanse.	Årlege utgifter kr 278 000
Mål 5	Samhandlingsreforma: Forventa mottak av ferdigbehandla pasientar på dagen.	K-planen: Treffsikre tenester 2.6.1. + Samhandling og samarbeid mål 5.	Sjukepleiar som tidlegare brukte tid til legevaktssentral, får no kapasitet til å ta imot nye pasientar og gjera nødvendig arbeid og behandling på kveld og helg.	+ 0,5 årsverk = kr 278 000
Mål 4.4+ 4.5	Etablera ØH-seng på korttids-/rehabiliteringsavdelinga FBBS	K-planen: Treffsikre tenester 2.6.1. + Samhandling og samarbeid mål 5. Strategisk kompetanseplan.	ØH-seng på FBBS er godkjend, vedtak er gjort i kommunestyret. Behov for 1 sjukepleiarstilling og kompetanseheving.	Midlar kr 919 000 pr år vert overført frå staten
Mål 6.4	Forsterka dementavdeling på FBBS	K-planen: Treffsikre tenester mål 2.6.	Ekstrahjelp har vore konstant brukt siste åra, dette er dyrt. Auke i stillingar vert på sikt billegare og gjev betre kvalitet.	+ 1,9 årsverk = kr 1 050 000
Mål 3	Samhandlingsreforma: Auka fysioterapi-/ergoterapiressurs for å	K-planen: Treffsikre tenester 2.6.6. + Samhandling og	Auka fysioterapi-/ergoterapiressurs knytt til førebygging og	Overføring av 0,5 årsverk innanfor tenesteområdet

	oppfylle måla med reforma	samarbeid mål 5, Velferdsplanen, Strategisk kompetanseplan.	rehabilitering.	frå FBBS til Rehabilitering
Mål 2+5	Etablere tenestekontor	K-planen: Treffsikre tenester 2.6., Velferdsplanen, Strategisk kompetanseplan.	Samla all vedtaks-skriving og vurderings-besøk på få hender. Effektivisera saks-handsaming, sikra likebehandling og sikra rett tenestenivå.	Omprioritering av ressursar innanfor tenesteområdet.
Mål 2	Nødvendig rehabilitering /ombygging på FBBS	K-planen: Treffsikre tenester 2.6.7., Velferdsplanen.	FBBS er snart 30 år. Romma og særleg bada tilfredsstillar ikkje dagens krav til arbeids-forhold. Stor slitasje og sjukmeldingar hos personalet.	Må finansierast gjennom Husbanken + eigenkapital.

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016

Alle tal = heile 1000 kr.

Samla sum på tenesteområdet v/minus 3,5 % = kr 3 654

= Sum pr ansvarsområde v/flatt kutt:

Ansvarsområde	Reduksjon	Stillingsreduksjon i %
18 Legetenesta	193	40 fagarbeidar
32 Barn, familie og velferd (- PPT)	369	66 høgskuleutdanna
33 Heimetenester	1 438	310 assistent/fagarbeidar
34 Rehabilitering	210	40 høgskuleutdanna
35 FBBS	1 446	320 assistent/fagarbeidar

Samla sum på tenesteområdet v/minus 5 % = kr 5 220

= Sum pr ansvarsområde v/flatt kutt:

Ansvarsområde	Reduksjon	Stillingsreduksjon i %
18 Legetenesta	275	57 fagarbeidar
32 Barn, familie og velferd (- PPT)	527	95 høgskuleutdanna
33 Heimetenester	2 054	450 assistent/fagarbeidar
34 Rehabilitering	299	60 høgskuleutdanna
35 FBBS	2 064	450 assistent/fagarbeidar

KONSEKVENSAAR FOR TENESTEOMRÅDET

Konsekvensar for a) brukarar, b) tilsette, c) system/organisering

Premissar: Kva trengst for at nedskjeringane skal kunne gjennomførast, vera realistiske?

Investeringsbehov, nedbemanning, org.endringar, andre føresetnader

Stort potensiale (over kr 100 000):

Tiltak	Innsparing 2013	Innsparing årl. 2014+	Konsekvensar	Premissar
Mellombels reduksjon av 8 langtids plassar FBBS	1 250	2 500	a) Eldre hjelpetrengjande kan bli redd for at dei ikkje får plass når dei treng det. b) Nedbemanning med 5,2 årsverk. Tilsette blir utrygge for stillingane sine. Dei blir òg utrygge for at det kjem inn nye pasientar utan auka bemanning. c) Press på heime-tenesta, oppbemanning kan bli aktuelt.	Godt utbygd heimesjukepleie, effektiv korttids-/rehabiliteringsavd. med nok plassar, nye omsorgsbustader på Eikhovdaheimen. Premiss for 2013: At nedbemanninga er iverksett frå 01.07.13. NB! Vi kan ikkje spare inn heile beløpet – ein del må tilbakeførast til tenestområdet for å møte utfordringane i 2013 og framover – jf. B.
Overføra ansvar for Tiltak for funksjonshemma frå BFV til Heimetenesta og dermed nedbemanna fagleiar avlastning i BFV med 20 %	110	110	a) Meir stabil teneste b) Meir personal å nytta ved sjukefråvær c) Stordriftsfordel	Vedtak frå rådmannen
Nedbemanna helsesøstertenesta med 40 % stilling	221	221	a) Mindre/dårlegare førebyggjande tilbod b) Meirbelastning, auka fare for turn-over	
Samlokalisera BFV og NAV	?	?		Krev utgreiing: Stat gjev tilskot etter fordelingsnøkkel – kan verta inntekt for kommunen iht husleige og straum m.m. Vil krevja noko ombygging og omdisponering av areal for å etablera mottak.
Auka terskel for å motta heimeteneste		500	a) Fleire utrygge eldre og pårørande. Meirbelastning for pårørande. Brukarar kan måtta skaffa tenester privat b) Nedbemanning. c) Nedbemanning kan gje redusert høve til å jobba førebyggjande. Heimetenesta vil kanskje ikkje vera like godt rusta til å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Fusa kommune kan i enkelte tilfelle måtta hjelpa til så brukar greier å skaffa tenesta.	Endra vilkår og tenestestandard.
Innføring av multidose i heimetenesta	518	518	a) Meirkostnad for brukarane. b) Nedbemanning med	Må utgreiast meir.

			1 årsverk.	
Nedlegging av Kløvertun dagsenter	574	574	a) Dagsentertilbud fell vekk. Det er få brukarar att av dagsenteret. Desse kan ivaretakast godt i bufellesskap. b) Nedbemanning med 1,3 årsverk	Tilbod på ASVO vert oppretthalde.
Ombygging av heile eller delar av FBBS til omsorgsbustader	Må utgreiast	Ca kr 200 000 pr plass	a) Større plass for den enkelte brukar. Brukarane vert heimebuande. Færre plassar totalt ved uendra areal. c) Ein flyttar utgifter knytte til medikament, hjelpemiddel m.m. over på staten.	Kommunestyrevedtak. Investering, planlegging og prosjektering

Lite potensiale (under kr 100 000):

Tiltak	Innsparing 2013	Innsparing årleg 2014+	Konsekvensar	Premissar
Nedbemanna ambulerande vaktmeisterstilling 20 % frå 01.01.13.	90	90	b) Nedbemanning. c) Matkøyring og pasientkøyring vert overført til Heimetenesta og kjøkken FBBS. Auke i oppgåver for andre einingar. Auke i ventetid på hjelpemiddelformidling og mindre kontroll over tryggleiksalarmsystem	
Nedbemanning psykisk helse 20 % frå 01.04.13. (v/5 %-kutt: 40 % reduksjon psykisk helseteam	80 (160)	120 (240)	a) Mindre satsing på førebyggjande arbeid rus og psykisk helse. b) Nedbemanning. Auka arbeidspress på resterande personell. (v/ 5 %: b) Kan få vanskar med å rekruttera og halda på personell i delstilling.)	

KOMMENTAR:

FBBS og Heimetenesta: Nedlegging av sjukeheims plassar kan føra til at vi må styrkja heimetenestene. Vi kan klara noko nedjustering, då dette ikkje får særleg store konsekvensar for brukarane. Samtidig legg vi opp til effektiviserande tiltak innan eksisterande rammer – sjå pkt. B – som på sikt gjev innsparing. Truleg vil vi klara ei innsparing totalt på ca kr 2 600 000 (tilskotsmidlar til ØH-seng ligg inne i dette).

Konsekvens ved 5 % nedskjering: Vi må jobba mindre førebyggjande innan alle einingane på dette tenesteområdet. Fusa kommune arbeider då ikkje i tråd med føresetnadene for samhandlingsreforma og andre nasjonale føringar, eller med eige overordna planverk.

MÅL, PRIORITERINGAR OG KUTTFRAMLEGG FOR TENESTE- OMRÅDE 4

POLITISKE ORGAN

A. MÅL FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016

B. NYSATSINGAR 2013-2016

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016 –
FLATE KUTT PÅ 3,5 OG 5 %

TENESTEOMRÅDE 4

POLITISKE ORGAN

A. PLANMÅL

MÅL 1 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Mål for 2013:

- 1.
- 2.
- 3.

MÅL 2 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Mål for 2013:

- 1.
- 2.
- 3.

MÅL 3 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Mål for 2013:

- 1.
- 2.
- 3.

B. NYSATSINGAR 2013-2016

Mål	Tiltak	Planforankring	Grunngjeving	Sum

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016

Alle tal = heile 1000 kr.

Samla sum på tenesteområdet v/minus 3,5 % = kr 149		
Ansvarsområde	Reduksjon	Stillingsreduksjon
10 Folkevalde organ og revisjon	149	

Samla sum på tenesteområdet v/minus 5 % = kr 213		
Ansvarsområde	Reduksjon	Stillingsreduksjon
10 Folkevalde organ og revisjon	213	

KONSEKVEN SAR FOR TENESTEOMRÅDET

Konsekvensar for a) brukarar, b) tilsette, c) system/organisering

Premissar: Kva trengst for at nedskjeringane skal kunne gjennomførast, vera realistiske?

Investeringsbehov, nedbemanning, org.endringar, andre føresetnader

Stort potensiale (over kr 100 000):

Tiltak	Innsparing 2013	Innsparing årleg 2014->	Konsekvensar	Premissar
			a) b) c)	

Lite potensiale (under kr 100 000):

Tiltak	Innsparing 2013	Innsparing årleg 2014->	Konsekvensar	Premissar
			a) b) c)	

KOMMENTAR:

MÅL, PRIORITERINGAR OG KUTTFRAMLEGG FOR TENESTE- OMRÅDE 5

KYRKJA

A + B. MÅL OG NYSATSINGAR FOR ØKONOMIPLANPERIODEN
2013-2016

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016 –
FLATE KUTT PÅ 3,5 OG 5 %

TENESTEOMRÅDE 5

KYRKJA

INNLEIANDE KOMMENTAR

Kyrkjeverja vil presisera at dette er eit administrativt framlegg ettersom det ikkje har vore tid til å leggja det fram for Fusa sokneråd. Dette kan difor opplevast som ei administrativ overkøyring av politisk styring. Fusa sokneråd har før ikkje vore involvert i ein slik prosess på ein slik måte.

A + B. PLANMÅL (gjeld fellesrådsområdet) **OG NYSATSINGAR**

MÅL 1 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Møte med menneske

Mål:

1. Yta service der enkeltmenneske opplever seg godt mottatt og handsama i tråd med dei krav lov og forskrifter til ei kvar tid set til offentleg verksemd.
2. Møte enkeltmenneske som ønskjer å gjera frivillig arbeid på bygg og anlegg så vel som i kyrkjelydsarbeid – slik at vi kan leggja til grunn gode relasjonar for framtidig samarbeid.

MÅL 2 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Drifting av kyrkjer

Mål:

1. Drifta kyrkjene på ein kostnadseffektiv måte.
2. Syta for at talet på dei gudstenester biskopen forordnar, gravferder og vigslar vert gjennomført på ein tilfredsstillande måte.

MÅL 3 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Gravferd og kyrkjegardar

Mål:

1. Syta for at gravlegging skjer i tråd med dei krav lov, forskrifter og lokale vedtekter stiller.
2. Syta for at stell av kyrkjegardane held fram med minst noverande standard – gjeld sommarvedlikehald og anna vedlikehald.

MÅL 4 FOR ØKONOMIPLANPERIODEN 2013-2016:

Investeringar

Mål:

1. 2013: Finansiera overbygg Strandvik kyrkje (kr 100 000)
2. 2013: Opprusting/måling Hålandsdal kyrkje utvendig (kr 400 000)
3. 2014: Opprusting/måling av Strandvik kyrkje utvendig (kr 400 000)
4. 2015: Opprusting Baldersheim kyrkjegard (kr 200 000)
5. 2016: Opprusting/innvendig måling Sundvor kyrkje (kr 400 000)
6. Utviding Hålandsdal kyrkjegard og parkering – (pris usikkert – kjem som eiga sak)
7. Opprusting orgel Strandvik kyrkje (kalkulert til ca kr 900 000)
8. Kontroll og evt. oppfølging/opprusting av tårn og klokker med kolber – gjeld særleg kyrkjene Hålandsdal og Strandvik

C. KUTTFRAMLEGG FOR ØK.PLANPERIODEN 2013-2016

Alle tal = heile 1000 kr.

Der er ikkje stillingar å hente utan at ein bryt med lover, forskrifter og forordningar frå biskopen. Kuttalternativa ligg difor på andre område.

Samla sum på tenesteområdet v/minus 3,5 % = kr 118	
Ansvarsområde	Reduksjon
Kyrkje	118

Samla sum på tenesteområdet v/minus 5 % = kr 168	
Ansvarsområde	Reduksjon
Kyrkje	168

KONSEKVEN SAR FOR TENESTEOMRÅDET

Konsekvensar for a) brukarar, b) tilsette, c) system/organisering

Premissar: Kva trengst for at nedskjeringane skal kunne gjennomførast, vera realistiske? Investeringsbehov, nedbemanning, org.endringar, andre føresetnader

Stort potensiale (over kr 100 000):

Tiltak	Innsparing 2013	Innsparing årleg 2014+	Konsekvensar	Premissar
Samordning av kyrkjegardsverksemda med kommunen si vedlikehaldsteneste på utandørs anlegg.		100	c) Med noverande organisering er det ingen gevinst å henta. Vi forventar ein vesentleg utgiftsauke på sikt dersom ein ikkje omrogniserer.	Ein må setje ned ei gruppe frå Fusa kommune og Fusa SR for å sjå om dette let seg gjera, og kva gevinst dette evt kan gi.

Lite potensiale (under kr 100 000):

Tiltak	Innsparing 2013	Innsparing årleg 2014+	Konsekvensar	Premissar
Auka avgifter for reservasjon av grav og feste av grav	25	25	a) Høgare avgifter for brukarane. I grunnlaget ligg ein auke på kr 200 pr år i festeavgifter. Reservasjon av grav kr 225 pr år. Tilrådinga er på same nivå som tilråding for Os for 2013	
Stengja ein eller to kyrkjer i vinterhalvåret	20	20	a) Stengde kyrkjer for gudstenester og gravferd. Aktuelt spørsmål: Kva om ein brukar er villig til å betala frå eiga lomme for å varma opp ei kyrkje til ei gravferd	

			eller gudsteneste?	
Redusera vedlikehald på kyrkjegardar	50	50	a) Misnøgde brukarar pga drastisk reduksjon i sommarvedlikehaldet, høgt gras på kyrkjegardane. Det er allereie i dag lågare standard enn det bør vera	
Redusera vedlikehaldet på kyrkjebygga	35	35	a) Vi vil ikkje ha midlar att til t.d. å reparera lekkasjar, skifta varmtvannstankar, reparera feil på el-anlegg m.v. Vi har heller ikkje i dag midlar til å reparera større skader på anlegga våre. c) Her vil vi kunna få fleire stengde kyrkjer, avhengig av kor skadane kjem.	
Lønsstogg for leiar	25	25	b) Leiarane er den einaste gruppa som ikkje får regulert løna sentralt, og ein har difor høve til å gi leiarane lønsstogg, om arbeidsgjevaren finn det nødvendig.	
Ytterlegare reduksjon i vedlikehald, og dessutan innkjøpsstogg på alt utstyr inkl. IKT	27	27	Her vil det meste etter kvart stoppa opp, om ein ikkje får skifta IKT-utstyr når maskiner ikkje fungerer lenger, orgel ikkje får tilsyn, ein ikkje har midlar til kjøp av konvoluttar osb.	

KOMMENTAR:

Soknerådet kjem ikkje med forslag om utviding av tenestetilbodet/stillingar, men det er eit mål å oppretthalda noverande tenestenivå. Utfordringane ligg m.a. i at det dei seinare åra har kome nye oppgåver til – og stadig nye oppgåver vert lagt til – dei ulike tilsette, og arbeidsoppgåvene må gjerast med dei tilsette vi har. Dette gjeld så vel overordna krav av administrativ art som HMT, større etterspørsel etter tenester, større krav om standard frå brukarane m.v.

Fusa sokneråd ber Fusa kommune om signal om kvar ein forventar at reduksjon skal gjerast – om ein finn det nødvendig med reduksjon på dette tenesteområdet. Soknerådet vil ta med seg slike innspel i den vidare prosessen.

D. ALTERNATIV INNSPARINGSPROFIL – FRAMLEGG FRÅ TENESTEOMRÅDA

Det er ei felles forventning frå alle tenesteområda at politikarane vurderer andre innsparingsprofilar enn flate kutt.

Tenesteområde 1:

1. Sjå på einingsstruktur på nytt: Større einingar?
 - Kan gje ei effektivisering, men innsparing vanskeleg på kort sikt.
2. Auka eigedomsskatt ved generell auke i promillesats frå 2 til 4:
 - Inntektene til Fusa kommune aukar med ca 2 mill kr per promille.
3. Meir interkommunalt samarbeid og interkommunale løysingar:
 - Kan gje betre tenester og slik ei effektivisering, innsparing må sjåast over lang tid.
T.d.:
 - elektronisk arkiv/postmottak
 - IKT-drift
 - økonomifunksjonar
4. Auka fokus på førebyggjande arbeid i dialog med frivillig sektor:
 - Tidleg innsats for å førebyggja auka utgifter i pleie, avrusingsklinikkar, barnevernsinstitusjonar m.m.
5. Kommunesamanslåing:
 - Må kanskje fram som ei reell utfordring og mogeleg utgang, heller enn skremsle?
6. Nytt maksimalsatsar for brukarbetaling som prinsipp.
7. Effektivisering av kyrkjesektor.

Tenesteområde 2:

1. Vi kan ikkje redusere kostnadene ytterlegare med noverande barnehage- og skulestruktur utan at kvaliteten vert redusert.
2. Potensielle inntekter:
 - Barnehage og skulebygg bør ha ein utleigesats.

Tenesteområde 3:

1. Samanslåing av einingar – færre leiarar?
2. Effektivisera tilbodet til særleg ressurskrevjande brukarar: Færre basar, fleirbruk av areal, t.d. skule/avlastingstilbod.
3. Utleige av den siste bueininga (brukt som fellesareal) på Neset 1.
4. Å satsa stort på førebygging og tidleg innsats gjev ein effekt i høve innsparing på lang sikt.